



Arkivsaknr: 2025/13320-2
Sakshandsamar: Helge Kvam
Avdeling: Stab - Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Busetting av flyktningar i 2026

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Ungdomsråd	
	Eldreråd	
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	
	Utval for levekår	
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar følgjande:

- Alver kommune godkjenner busetting av 85 flyktningar for 2026. Tal flyktningar inkluderer ikkje familiesameinte. I talet på 85 flyktningar er kommunen budd på at kommune kan bli tildelt einslege mindreårige med følgjeperson.
- Alver kommune er ikkje oppmoda om å busetje einslege mindreårige utan følgjeperson no. Kommunestyret ber om ny sak om IMDI kjem med eiga oppmoding om denne målgruppa.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsråd, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka skal til innstilling i utval for levekår og formannskap.

Saka skal avgjerast i kommunestyre

Saka gjeld

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI) oppmodar kvart år kommunar om å busette eit bestemt tal flyktningar i det komande året. Oppmodingstalet er sett ut frå nasjonale prognosar for trong for busetting.

IMDI har i skriv datert 31.10.2025 (vedlegg) sendt oppmoding til Alver kommune om å busette til saman 85 flyktningar i 2025. IMDI ber om at svaret tek omsyn til følgjande:

- A) tydeleg viser kor mange flyktningar kommunen vedtek å busette i 2026.
- B) ikkje inkluderer familieegjenforeina eller har andre reservasjonar.
- C) inneheldt ei vurdering av kor mange fleire flyktningar, av desse einslege mindreårige, kommunen potensielt kan busette i 2026 om behovet aukar.

Saksopplysningar

1. Bakgrunn

IMDI har i brev av 31.10.25 oppmoda Alver kommune om å busette 85 flyktningar i 2026.

IMDI skriv her mellom anna:

«IMDi vil takke Alver kommune for ein storarta innsats med å busette flyktningar. Kommunane har vist ein svært positiv vilje til busetting sidan krigen i Ukraina braut ut, og dette er det viktig å vidareføre i 2026.

Kommunane spelar ei sentral rolle i Noreg si handtering av dei historisk høge flyktningstraumane dei siste åra. Tilgjengelege busettingsplassar som vert vedtekne lokalt, er avgjerande for landet si samla evne til å ta imot flyktningar.

Vi oppmodar difor kommunane om å gjere vedtak i tråd med den nasjonale oppmodinga. Oppmoding for 2026 Måлтаlet for oppmodinga om busetting er satt til 13 000 personar for 2026. Måлтаlet er fastsett med utgangspunkt i prognoser for busettingsbehovet i 2026, og forventa busetting i 2025.

Effektiv utnytting av attståande kapasitet i 2025 vil bidra til å redusere presset på busetting i 2026. Kommunane oppfordras difor til framleis rask busetting av flyktningar i dei siste månadane av 2025. Behovet for busetting kan endrast, og det er viktig at den kommunale kapasiteten til å busette flyktningar kan justerast i samsvar med behovet. Innkomstar av flyktningar vil skje spreidd gjennom 2026, og måлтаlet for busetting av 13 000 flyktningar gjeld for heile året. IMDi oppmodar Alver kommune om å busette til saman 85 flyktningar i 2026. Kommunen må i tillegg rekne med å få fordelt einslege mindreårige med følgjeperson, då desse inngår i den ordinære kvoten og ikkje i oppmodingstalet for einslege mindreårige.»

2. Status og kapasitet

Alver kommune har busett følgjande tal flyktningar:

2022 - 192 personar

2023 – 189 personar

2024 – 133 personar

2025 – 80 personar

Dette er i tråd med vedtak. Av dei busette flyktningane sidan 2022 kan vi anslå at rundt 75 personar har returnert til Ukraina.

I månadene etter krigsutbrotet februar 2022 kom det flest kvinner og barn til Alver kommune. I 2023, 2024 og 2025 fekk kommunen ein auke med fleire menn, fleire einslege og fleire unge. Det kjem og personar med kjente helseplager, såkalla medisinsk evakuerte.

Av 593 busette i perioden 2022-2025 er rundt 160 born under 18 år, samt at 51 personar kjem frå andre land enn Ukraina.

Etter regelverksendring i Ukraina der unge mellom 18-22 år får reise ut, har Alver kommune blitt tildelt mange unge. Det er grunn til å tru at Alver kommune vil bli tildelt mange unge mot slutten av 2025 og 2026.

Det er integreringstenesta i Nav som koordinerer busettings- og integreringsarbeidet i kommunen. Før ein person vert busett sender IMDI ein førespurnad til kommunen og spør om kommunen aksepterer at denne kandidaten vert busett i kommunen. Alver vurderer her om kommunen har bustad- og tenestekapasitet til å ta imot den aktuelle flyktningen.

I løpet av 2022 og 2023 avslo Alver til saman 3 utsøkingar, i år 2024 ble det avslått 8 utsøkingar og i 2025 vart 2 utsøkingar avslått. Grunnlag for å avslå søknader er her knytt til spesielle krav til bustad eller institusjonsplass. Utsøkingar for personar med særlege behov vert alltid drøfta med forvaltningskontoret og dei berørte tenestemåla/avdelingane før ein avslår.

Kommunestyret skal handsame oppmodingstalet for 2026, og det er ulike tilhøve kommunedirektøren ber kommunestyret vurdere. Dette omhandlar mellom anna bustad og kapasitet i tenestene. I det følgjande er desse omtalt.

Merknad

I skriv frå IMDI ber dei om ei vurdering av kor mange flyktningar, av desse einslege mindreårige, kommunen potensielt kan busette i 2026 om behovet aukar. Kommunedirektøren ønsker ikkje å talfeste dette no. Ein vil vurdere dette om det eventuelt kjem eit oppmodingsskriv for einslege mindreårige til kommunen. Vurdering og tilråding vert då fremja i eige sak til kommunestyret. Kommunen har så langt handtert kategorien "einslege mindreårige med følgjeperson" på ein tilfredsstillande måte og kommunen kan fortsette å busette einslege mindreårige med følgjeperson i år 2026.

2.1 Bustad

I Alver kommune har dei fleste flyktningar som er busett dei siste fire åra blitt busett i den private utleigemarknaden. Den einskilde leietakar har husleigekontrakt direkte med

huseigar/utleigar, og det vert ikkje nytta kommunal framleigeavtale. Overføringsflyktningar får tilbod om kommunal utleigebustad. Det er i 2025 nytta 4 kommunale bustader til busetting av flyktningar. I 2025 har kommunen bistått med klargjering av 46 busettingar i utleigebustader. Dette er til dømes praktisk klargjering og tilrettelegging av bustad med møbler og anna inventar. Flyktningar som kjem må være budd på å bu noko trongt, og det er organisert fleire kollektiv for personar som kjem aleine.

Merknad

Vi erfarer at det framleis er noko kapasitet i den private utleigemarknaden. Det er grunn til å tru at flyktningssituasjonen har bidratt til å auka prisnivå i utleigemarknaden. Aktuelle utleigebustader bør ha nærleik til fellesfunksjonar, servicetenester og kollektiv transport. Fram til no har det vore mogeleg å skaffe eigna bustader/buformer i tenleg bumiljø til ulike målgrupper. Dersom det vert aukande tal flyktningar med helseplager vil trong for helsetenester og bustader med ulik tilpassing og tilrettelegging kunne auke. For år 2026 er det venta at det kjem fleire yngre til kommunen. Unge vert så langt det er mogeleg busett i bukollektiv.

2.2 Helse

Alver kommune har eit eige migrahelseteam. Dette er eit fleirfagleg helseteam der også spesialisthelsetenesta kan inngå. Informasjon om Alver migrahelseteam finn ein via lenke [Helsetenester for flyktningar og andre migrantar \(Health services for refugees and other migrants\) - Alver kommune](#). Alle busette i Alver får forsvarlege helse- og omsorgstenester, men vi erfarer samstundes eit aukande tal flyktningar med kjent helseproblematikk. Enkelte har trong for omfattande helse- og omsorgsteneste. Trong for helseteneste vil kanskje avta noko då vi no busett langt fleire unge enn eldre.

2.3 Skule og barnehage

Generelt har Alver kommune kapasitet i barnehage og skule, men vi har enkelte skular som har kapasitetsutfordringar. Skular som per tid kan i periodar slit med kapasitet er mellom anna Sagstad skule, Meland ungdomsskule, Manger skule og Knarvik ungdomsskule. I arbeidet med å busette flyktningar vert det prøvd å ta omsyn til skulekrins.

Nærskuleprinsippet har vore ivareteke i perioden 2022-2025. Skulane erfarer at det har gått greitt å gje nye elevar tilbod om plass, men at enkelte elevar treng meir oppfølging enn det som var kjent når dei starta. Det auka oppfølgingsbehovet på einskildelevar er som for andre born, men fluktbakgrunnen er ei tilleggsutfordring skulane handterer. Fleire skular har tilsett tospråklege lærarar og assistentar for å sikre kapasitet for å handtere dei individuelle behova. I enkelte område kan det fortsatt vere noko ventetid før born får plass i barnehage i enkelte område

2.4 Introduksjonsprogram og språkopplæring

Målet er at flyktningar som kjem til Alver skal kome i arbeid og på sikt klare seg sjølv. Alver kommune har alltid vektlagt arbeidsretta introduksjonsprogram og raskast mogeleg overgang til arbeid.

Alle flyktningar mellom 18-60 år vil få plikt og rett til å delta i introduksjonsprogram.

I Alver kommune får alle tilbod om introduksjonsprogram til dei fyller 67. Dei fleste ukrainarar har i år i snitt hatt 10 månader med introduksjonsprogram.

Introduksjonsprogrammet for personar med kollektiv beskyttelse skal, med få unntak, vera kort og 15 timar kvar veke skal innehalde arbeidsretta element.

For dei som ikkje er i introduksjonsprogram eller arbeid, kan Nav setje vilkår om aktivitet for å fremje at mottakaren på sikt vert økonomisk sjølvstendig. Det er viktig at den enkelte flyktning tek arbeid, deltar på språkopplæring og nyttiggjer seg tilbod om arbeidsretta aktivitet. Dei fleste ukrainarar med kollektiv beskyttelse vel å delta på introduksjonsprogram. Eit fåtal startar i arbeid utan å starte introduksjonsprogram. Ved årskiftet 25/26 er det om lag 65 personar i introduksjonsprogram. 32 deltakarar i introduksjonsprogrammet er frå andre land enn Ukraina.

Det er vanskeleg å anslå ein klar prosentandel for overgang til arbeid for busette flyktningar med kollektiv beskyttelse. Vi anslår at vel 70% av busette flyktningar i åra 2022-2024 i aldersgruppa 30-67 år er i arbeid. Ser vi på aldersgruppa 18-29 år med kollektiv beskyttelse busett i åra 202-2024 er nær 90 % i arbeid eller utdanning.

Prosentvis overgang til arbeid aukar i takt med butid. Flyktningar som kjem i arbeid har ofte ei noko lausare tilknytning til arbeid enn folk elles. Det gjer at denne gruppa er meir sårbar for mellom anna sesongsvingingar i arbeidsmarknaden. Målet er at flest mogeleg skal vere sjølvforsørge etter avslutta introduksjonsprogram. Vi ser at eit kort introduksjonsprogram gjer at mange er avhengig av økonomisk sosialhjelp ei god stund etter at introduksjonsprogrammet er avslutta. Mange er avhengige av økonomisk sosialhjelp når dei vert registrert som arbeidssøkjjarar. Dei som er registrert som arbeidssøkjjarar har tett oppfølging og dei fleste er i arbeidsretta tiltak gjennom Nav.

Vaksenopplæringa i Alver tilbyr nivådelt norskundervisning til kvar deltakar tre dagar per veke. To dagar i veka for dei som har kome til nivå A2/B1. I tillegg har vaksenopplæringa tilbod om norskundervisning på ettermiddags- /kveldstid for dei som er i arbeid og ikkje kan delta på dagtid. Det er avgjerande at den enkelte deltakar har eit norsknivå og/eller engelsknivå som gjer at han eller ho kan formidlast til arbeid. Nokre flyktningar går på "forberedende opplæring for vaksne" (grunnskule). Kommunen tilbyr 18 månader med norskundervisning for flyktningar med kollektiv beskyttelse eller inntil 3 år for dei som ikkje har gjennomført vidaregåande skule. Det vil i praksis seie at den enkelte flyktning kan få norskundervisning utover tida for introduksjonsprogram. Skal den enkelte deltakar kunne nytte seg av språkundervisninga etter introduksjonsprogram, må ein lære språk i tillegg til

arbeid eller i kombinasjon med arbeid. Nokre får tilbod om digital norskundervisning i kombinasjon med utdanning og arbeid. Per i dag er det 220 som får norskopplæring og 16 personar på FOV (grunnskule) på vaksenopplæringa. Det totale talet elevar på vaksenopplæringa omfattar busette flyktningar, asylsøkjjararar frå mottaket, arbeidsinnvandrarar og familiegjenforeinte.

Vi buset i ein region med trong for arbeidskraft. Det er lang erfaring og god kompetanse i Nav til å arbeidsretta introduksjonsprogrammet. Flyktningane får individuelt tilpassa program og oppfølging for å bidra til raskast overgang til arbeid eller utdanning. Det er aktivt samarbeid med arbeidsmarknaden, og det er ein rekkje arbeidsgjevarar som legg godt til rette for at flyktningar skal lukkast i arbeid. Trass stor interesse hjå arbeidsgjevarar er det eit omfattande arbeid å få på plass nok språktreningsplassar. Dei som ventar på språktreningsplass i dag har vore kort id i program.

2.5 Unge med fluktbakgrunn

Det kjem unge flyktningar til Alver. Sidan år 2022 har vi busett 77 personar i aldersgruppa 16-25 år, av desse har 15 personar returnert til Ukraina. Unge flyktningar som kjem vert som oftast busett i kollektiv og har etter vår erfaring hatt ein enklare integreringsprosess enn andre.

I Alver er det eit samarbeid med Jobbmot - nav.no for å knytta unge tettare til arbeidsmarknaden både med tanke på deltid- eller sommarjobb og med tanke på framtidig læreløp. Jobbmot bistår og unge med fluktbakgrunn, både i samband med språktreningsplassar og ordinært arbeid.

Alver kommune har sidan år 2022 busett 10 einslege mindreårige. Av desse kom 1 utan følgjeperson. Einslege mindreårige får oppnemnt verge frå Statsforvaltaren.

2.6 Den frivillige innsatsen

Å busette flyktningar er heile lokalsamfunnet sitt ansvar. Innbyggjarane i Alver tek ansvar. Utan den frivillige innsatsen hadde det ikkje vore mogeleg å lukkast med at folk finn seg til rette og finn sitt virke i kommunen vår. Det er frivillig innsats i alle ledd der mange flyktningar er inkludert i lag og organisasjonar. I tillegg har vi eigne tiltak for flyktningar som er heilt eller delvis drive av frivillige. Kvar dag er det språkverkstad for deltakarar i introduksjonsprogrammet. Det er språkafear og andre møtestader der flyktningar vert spesielt inviterte. I tillegg er det frivillig samarbeid med til dømes Nordhordland Rotary Klubb som bistår flyktningar med kontakt med arbeidsmarknaden. Side 7 av 8 Det er samarbeid mellom frivilligsentralane og NAV om melding av behov, informasjon og rekruttering til aktivitetar.

2.7 Økonomi

Kommunane mottar statleg integreringstilskot som skal bidra til å dekke kommunen sine utgifter til busetting og integrering av flyktningar i ein femårsperiode. IMDI har utarbeida ein tilskuddskalkulator som viser dei faste overføringane til kommunane frå IMDI. Dei fleste tilskota frå IMDI vert utbetalt per person og er ikkje øymerka.

Ein kan lese meir om dette jamfør lenke [IMDI - tilskudd](#). IMDI har ulike tilskotsordningar for kommunane som buset flyktningar: «Kommunar som buset flyktningar får utbetalt integreringstilskot. Tilskotet vert utbetalt etter at flyktningen er busett. Tilskotet skal medverke til at kommunane arbeider aktivt med busetting og integrering for at flyktningane skal kome i arbeid, forsørge seg sjølv og delta i samfunnet så raskt som mogleg. Kommunar som buset einslege mindreårige flyktningar mottar eit særskilt tilskot i tillegg til integreringstilskotet. Tilskotet gjeld både for einslege mindreårige flyktningar med og utan følgjeperson, og blir utbetalt etter at flyktningen er busett. Nokre flyktningar har eit særskilt behov for oppfølging og tilrettelegging på grunn av funksjonsevne og/eller åtferdsvanskar. Kommunar som buset flyktningar, må rekne med at einskilde personar har slike særskilte behov. Kommunar som buset personar med lågare funksjonsevne og/eller åtferdsvanskar kan søke tilskot frå IMDI for å dekke ekstraordinære utgifter. Kommunar kan og få tilskot for vaksne innvandrarar som har rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap»

Det har siste året vore auka merksemd på om kommunane får dekke utgiftene med å busette og integrere flyktningar. Alver kommune er ein av 23 kommunar som er med i kartlegginga som IMDI og KS gjer kvart år i Beregningsutvalget.

I arbeidet prøver Beregningsutvalget å kartlegge og dokumentere om tilskota i stort dekk kommunane sine utgifter dei fem første åra. (link til rapport). Fram til og med busettingsåret 2023 viser rapporten at kommunane har fått dekke sine utgifter (97%). For året 2024 er dekningsgraden redusert til 91 % for kommunenorge samla sett. Det er særleg dei store bykommunane som har underdekning av utgifter.

Alver kommune har i åra 2022-2025 busett einslege mindreårige med følgjeperson. For denne gruppa viser kartlegginga til Beregningsutvalget at kommunane får høgare tilskot enn dokumenterte kostnader. Vidare viser kartlegginga i Beregningsutvalget at norskundervisning er underfinansiert. Beregningsutvalget har ikkje gjort eigne kartleggingar på helseområdet siste åra. Her er det nytta ein indeksjustert sats for alle busette flyktningar. For kartlegginga 2025 vil og helseutgiftene kartleggast særskilt.

Kva viser Alver kommune si eiga kartlegging ?

Sidan Alver kommune er ein av kartleggingskommunane til Beregningsutvalget, har vi ganske god oversikt over utgiftene til Alver kommune. For kartleggingsåra 2022,2023 og 2024 viser Alver kommune sine eigne kartleggingar at snittkostnadene ligg under utrekna

gjennomsnitt for utvalskommunane. I høve kartlegginga gjort i Beregningsutvalget er beregna gjennomsnittlig utgift i Alver for kartleggingsåret 2024 om lag 15 prosent lågare enn beregnet gjennomsnittleg utgift for utvalet for øvrig. (igjen ref. landstall).

Det er heilt avgjerande at dei fleste busette flyktningar vert sjølvberga i arbeid eller utdanning. Alver kommune vektlegg eit arbeidsretta introduksjonsprogram og har prioritert arbeidsretta oppfølging av deltakarar både i og etter introduksjonsprogram. Enkelte flyktningar går vidare til utdanning og skal då forsørgjast av studiefinansiering (Statens lånekassen)

Alver kommune har og busett personar som ikkje kan forsørgje seg i arbeid eller utdanning. Det er busett pensjonistar over 67 år. Det er og busett personar i arbeidsfør alder med omfattande helseutfordringar som er så store at dei vanskeleg kan kombinerast med arbeid. Busette flyktningar med kollektiv beskyttelse har ikkje rett på alderspensjon eller helserelaterte ytingar (t.d. uføretrygd) gjennom folketrygda. Alver kommune har busett personar med helseutfordringar, og det er søkt og innvilga ekstratilskot opptil 10 år for fleire av desse.

Året 2026 er det siste året med integreringstilskot for dei som vart busett i 2022. Det er enno uavklart om t.d. busette pensjonistar kan ha andre ytingar enn økonomisk sosialhjelp, eit spørsmål KS/Kommunenorge er oppteken av.

Vurdering

Kommunedirektøren vurderer at det for 2026 er forsvarleg å busette 85 flyktningar. Oppmodningstalet frå IMDI for 2026 er på same nivå som for 2025.

Kommunedirektør viser til omtalte merknader i dei ulike tema over, men vil kort trekke fram nokre moment som grunnleggjande tilråding om busettingstal for 2026.

Alver kommune har over fleire år bygd opp kapasitet, kompetanse og godt tverrfagleg samarbeid knytt til integreringsarbeid. Dette er eit godt grunnlag for å kunne fortsette å busette flyktningar. Slik kommunedirektøren forstår nasjonale myndigheiter vil det i åra framover mest truleg vere trong for å halde fram med å busette høge tal flyktningar. Alver kommune ynskjer å bidra til at Norge kan følgje opp forpliktingane når det gjeld flyktningpolitikk. Alver kommune sin kapasitet til å busette flyktningar er mellom anna knytt til tilgjengelege bustader i tenlege bumiljø samt kapasitet i tenesteyting.

Det er viktig med god tverrsektoriell samordning og samhandling med omsyn til bustad, introduksjonsprogram, språkpraksisplassar, barnehage, skule/opplæring og helsetenester. Til no har dei fleste som er busett dei siste tre åra blitt busett i den private utleigemarknaden. Trass høg busetting ser det ut som det framleis er tilgang på fleire bustader på den private leigemarknaden.

Alver kommune har dei siste 3 åra busett flyktningar med helseutfordringar. Enkelte av desse har behov for omfattande helse- og omsorgstenester. Sjølv om det føl ekstra tilskot for personar med kjent helseproblematikk, handlar utfordringar knytt til helsetenestene om kapasitet, rekrutterings- og kompetanseutfordringar.

I stort er det bra kapasitet i barnehage og skule, men det er einskilde skular som har kapasitetsutfordringar. Skulane erfarer at det har gått bra å gje nye elevar tilbod om plass, men at einskilde elevar treng meir oppfølging enn det som var kjent når dei starta. Det auka oppfølgingsbehovet på einskildelevar er omtrent som for andre born, men fluktbakgrunnen er ei tilleggsutfordring skulane må handtere. I einskilde område opplever vi noko ventetid før barn får plass i barnehage.

Alver kommune har alltid vektlagt introduksjonsprogram med arbeidsretta element i tillegg til språkundervisning. I samarbeid med arbeidsmarknaden vert mange formidla til arbeid. Vi busett i ein region med trong for arbeidskraft. Flyktningar representerer ressursar og kompetanse samfunnet treng.

Busetting av flyktningar er heile lokalsamfunnet sitt ansvar. Alver kommune opplever at innbyggjarane tek ansvar. Utan den frivillige innsatsen hadde det ikkje vore mogeleg å lukkast med at folk finn seg til rette og finn sitt virke i kommune.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret godkjenner busetting av 85 flyktningar for 2026. Talet inkluderer ikkje familiesameinte. Alver kommune er ikkje oppmoda om å busette einslege mindreårige utan følgjeperson no. Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret ber om ny sak om IMDI kjem med eiga oppmoding om denne målgruppa